

## Melding frå Kongen til Stortinget om Norges rikes tilstand og styring i tida etter siste meldinga.

**Vi Haakon, Norges Konge,**

*gjer kunnigt:*

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gi melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1931:

Den norske sendemannen i Ankara er akkreditert i Bukarest og Sofija. Den norske sendemannen i Paris er akkreditert i Luxemburg, og den norske sendemannen i Moskva akkreditert i Teheran.

Det er skipa ein millombils post for ein legasjonsråd (og chargé d'affaires a. i.) i Haag under den akkrediterte sendemannen i Haag, som bur i Kjøbenhavn. Han skal samstundes vera norsk agent ved den faste internasjonale domstolen i Haag.

Det er gjort avtale med Storbritannia om den civile rettargangen.

Med Danmark, Finland, Island og Sverige er det gjort avtale om inndrivning av underholdstilskot og avtale om internasjonal-privatrettslege forskrifter om ekte-skap, adopsjon og verjemål.

Den 23 april 1931 var det noteskifte med Kina om eksteritorialretten for norske borgarar i Kina.

Ved noteskifte 23 desember er det gjort avtale med Japan om gjensidig fritaking for skatt på skipsferdsla. Liknande avtale er gjort med Danmark og Grekenland.

Det er gjort handels- og sjøfartssemje med Tyrkia.

Norge har vore representert på det 12te ordinære møtet i Folkeforbundet og på 62de—65de møte i Folkeforbundsrådet, på den 15de internasjonale arbeidskonferansen og

på den 4de internasjonale samferdsle- og transitt-konferansen.

Norge har ratifisert skiltdoms-avtalane med Island, Portugal og Austerrike, har skrive under skildomsavtale med Bulgaria, har ratifisert den internasjonale avtalen om rådbøter mot falskmynting, den reviderte Bernkonvensjonen om vern for litterær og kunstnerisk eigedomsrett av 1928 og Genèvekonvensjonane om sjuke og såra under krig og om krigsfangar, har sagt seg samd i den internasjonale luftfartsavtalen, den internasjonale opiumsavtalen av 1925 og den internasjonale avtalen om lovkonfliktar med omsyn på statsborgarrett.

Norge har skrive under den ålmenne semja om å utvikla midlane mot krig, ei internasjonal semje om å regulere kvalfangsten, internasjonale avtalar om sams lover m. v. om checks og ein protokoll om kompetanse for den faste domstolen for internasjonal rett til å avgjera tvistemål som gjeld internasjonale privatrettskonvensjonar.

Det er i gang tingingar om skiltdoms- og forliksavtalar og om utleveringsavtalar med fleire land.

Då Norge skal vera med på den ålmenne nedrustingskonferansen i Genève 2 februar 1932, har riksstyret i samarbeid med den utvida utanriks- og konstitusjonskomitéen laga instruks for den norske delegasjonen til konferansen, som blir oppnemnd med det fyrste.

Millom Norge og Estland er det gjort avtale um å stryke passviseringsplikta.

Traktaten millom Norge og De amerikanske sambandsstater om gjensidig fritaking for verjeplikt for visse personar som er statsborgarar i baa land, er ratifisert av baa statane.

Det er gjort avtalar millom Norge, Danmark, Finnland, Island og Sverige om:

- 1) internasjonal-privatrettslege forskrifter om ekteskap, adopsjon og verjemål, underskrivne i Stockholm 6 februar 1931, og
- 2) om inndriving av underhalds-tilskot, underskriven i Oslo 10 februar 1931.

Båe konvensjonane er ratifiserte av alle dei nemnde statane — for Norge sin part ved kgl. resolusjon 11 desember 1931, og dei er sette i kraft frå 1 januar 1932.

1564 kandidatar har teke studenteksamen i 1931.

Ved universitetet har 42 kandidatar teke teologisk embetseksamen i 1931, 197 juridisk, 16 statsøkonomisk, 96 medisinsk, 57 språkleg-historisk, 62 matematisk-naturvitenskapleg embetseksamen og 6 aktuar-eksamen — ialt 476 kandidatar. Ved menighetsfakultetet tok 65 kandidatar embetseksamen.

Den tekniske høgskulen tok i 1931 op 154 studentar, av desse 13 i arkitekt-avdelinga, 4 i bergavdelinga, 44 i bygningsinsjenioravdelinga, 30 i den elektro-tekniske avdelinga, 23 i kjemiavdelinga og 40 i maskinavdelinga.

Same året vart det uteksaminert 138 kandidatar, 9 arkitektar, 2 berginsjeniorar, 29 bygningsinsjeniorar, 37 elektroinsjeniorar, 21 kjemiinsjeniorar og 40 maskininsjeniorar.

Talet på ikkje-pådømde saker, som stod for Høgsterett 1 januar 1931, var 829. Av dei var 25 straffesaker og 804 borgarlege. Den 1 januar 1932 var talet 711, av dei 32 straffesaker og 679 borgarlege.

I samhøve med stortingsvedtak vil det frå januar 1932 bli organisert eit fast statspoliti med ein statspolitistjef som òg skal stå for rusdrykk-kontrollen i heile landet.

Det er i gang gjeldstingingar med vedkomande gjeldsmeklingsnemnd eller med Justisdepartementet for vel 50 kommunar, 1 fylkeskommune og 1 interkommunalt kraftlag. For 9 av desse kommunane kann ein vente ordning med det fyrste.

Det er dessutan ei mengd kommunar som treng gjeldsordning og som har vendt seg til Justisdepartementet utan at det for

tida er grunnlag for tingingar eller ordning.

I 1931 er det kome til endeleg eller millombils gjeldsordning for 17 kommunar, 2 fylkeskommunar og 1 interkommunalt kraftlag.

Ved Småbruk- og husbanken er det i 1931 — for hovudsetet pr. 31 desember og for lånekontora pr. 30 november — utbetalt pantelån soleis:

1. Løyvt etter lov av 4 juli 1925 med brigde i lov om småbruk- og huslån:	
Nybrotslån 4 pst. . . . .	kr. 1 963 000
Brukslån A 4½ pst. . . . .	» 612 500
Brukslån B 5 pst. . . . .	» 15 000
Huslån A 4½ pst. . . . .	» 6 597 600
Huslån B 5 pst. . . . .	» 2 000
Huslån A 4½ pst. utan kommunegaranti . . . . .	» 488 600
Huslån A 3 pst. Finnmark . . . . .	» 104 800
2. Løyvt etter den gamle lova:	
Brukslån B 4½ pst. . . . .	kr. 3 500
Gamle huslån 4½ pst. . . . .	» 7 000
	» 10 500
	<hr/>
	Kr. 9 794 000

Banken har ikkje teke op noko nytt serielån i 1931.

Folketalet i riket var etter folketeljinga 1 desember 1930 2 809 564. Ved folketeljinga i 1920 var folketalet 2 649 775. Framgangen i siste 10-året er 159 789.

Den oversjøiske utvandringa har etter måten vore lita i 1931. I månadene januar—november fór i alt 857 (fyrebils tal) frå landet mot 3 623 i same tidbolken i 1930 og 7 891 i 1929.

I dei 3 fyrste kvartal i 1931 reiste 616 til Amerika og 52 til Kanada. Dei tilsvarende tal for 1930 var 2 099 og 1 036. I heile året 1930 reiste ialt 3 673 frå landet, av desse 2 518 til Amerika og 1 072 til Kanada.

Etter fyrebils opgavor er det litt færre giftarmål i 1931 enn i 1930. I dei tri fyrste kvartal vart 11 458 vigde mot 12 291 i same tidbolken i 1930. I same tid vart det i 1931 født 35 607 levande born, og det døydde 22 975. Dei tilsvarande tal for 1930 var 36 792 og 22 025. Det kom altso noko færre til verda, og det gjekk nokre fleire utor verda i 1931 enn i dei same kvartal i 1930. Overskotet av fødde var 12 632 mot 14 767 i 1930.

Folkhelsa har etter meldingane frå lækjarane jamtover vore god i 1931. Dei fyrste månadene av året hadde vi ein influensaepidemi, som breidde seg ikkje so lite. Meslingar hadde vi i Bergen og bygdene derikring dei fyrste månadene. I Bergen var det samstundes ikkje so lite av kikhoste og difteri. Det var ogso ein difteriepideimi i Stavanger det fyrste halvåret av 1931. Ingen av dei andre epidemiske sjukdomane fekk større makt i 1931.

Prisfallet heldt fram dei 3 fyrste kvartal av 1931. Etter kronefallet i september har det vore noko oppgang i engrosprisane, men stillstand i detalj-prisane.

Indekstalet for engrosprisnivået gjekk ned frå 130 i desember 1930 til 117 i september 1931, steig so til 119 for oktober, heldt seg der i november og steig so til 122 i desember. Ved utgangen av året ligg engrosprisane no pålag 6 pst. lågare enn sist i 1930.

Samanlikna med 1913 ligg engrosprisane hos oss framleis høgare enn i grannelanda. Engrosprisindekstalet er i Sverige 110, i Danmark 117 og i England 106.

Indekstalet for levækostnaden (utan skatt) er siste året (frå november 1930 til november 1931) gått ned frå 160 til 150 eller med pålag 6 pst. Prisnedgangen var størst i fyrste halvparten av året, med indekstal for juni på 151. I juli hadde ein som vanleg sesongoppang og i august stillstand. I september gjekk indekstalet ned til 150 og har halde seg der sidan.

Matvareprisane har falle sterkare enn levækostnaden. Indekstalet for matvaror er for

november 1931 136 mot 151 i november 1930. Når ein tek undan sesongstiging i juni har fallet vore nokolunde jamt frå månad til månad til og med september. I dei 2 siste månadene har det vore stillstand.

Arbeidstilhøva synte betring i 1928 og 1929, men so gjekk det nedetter att, og i 1930 kom eit omslag. Frå hausten 1930 vart stoda på arbeidsmarknaden mykje verre, og arbeidsløysa har etter den tid vore stigande.

Totalprosenten av arbeidslause i 10 større faglag og prosenten serskilt for jarn- og metallarbeidarar og bygningsarbeidarar syner desse tala for januar og oktober 1930 og 1931.

	10 fag.	Jarn- og metallarb.	Bygningsfag.
1930. Januar . . .	19,0	12,1	33,2
» Oktober . . .	18,0	18,5	24,2
1931. Januar . . .	26,3	20,5	38,7
» Oktober . . .	19,2	20,0	23,8

Tala for januar 1931 syner at det var munaleg verre enn i 1930. Ogso talprosenten for oktober syner, at det er noko verre. Men det er vanskeleg å få noko tydeleg uttrykk for utviklinga i 1931. Året er heilt merkt av den store arbeidskonflikten frå mars—april til midt i september. Ein kann gå ut frå at tala for oktober òg ber merke etter konflikten.

Etter situasjonsmeldingane frå arbeidslidighetsinspektoratet var overskotet av arbeidssøkjande kvinner og menn pr. 15 kvar månad:

	1930	1931
Januar . . . . .	22 549	28 596
Februar . . . . .	22 974	29 107
Mars . . . . .	22 533	29 095
April . . . . .	19 829	28 477
Mai . . . . .	16 376	25 206
Juni . . . . .	13 939	22 736
Juli . . . . .	11 997	20 869
August . . . . .	12 923	22 431
September . . . . .	17 053	27 012
Oktober . . . . .	20 363	29 340
November . . . . .	24 544	32 078

Endå om ein går ut frå, at desse tala òg er påverka av konflikten, so gir dei

då betre uttrykk for stoda, då dei dekkjer eit større område; dei syner for kvar månad i 1931, at det er ikkje so lite verre enn året før. Av arbeidskonfliktar i 1931 er det storkonflikten som spelar største rolla. I storkonflikten var det med arbeidarar frå 20 faglag. Med få undantak var alle større handverk og industriar innblanda. Det tok til for papirindustrien 15 mars, for dei andre fag og industriar 8 og 15 april. Arbeidet vart teke opatt midt i september. Med omsyn på talet på arbeidarane, so har arbeidarane rekna med 80—90 000, arbeidsgjevarane med pålag 55 000.

Etter storkonflikten vart lønene nedsette med 5—8 pst. Ogso tarifane for arbeidarar som stod utanfor konflikten, vart stadfeste med lønsnedslag t. d. for matrosar og fyrbøtarar med 4 pst. nedslag, for baka- rar og konditorar med 3 pst. og for transportarbeidarar med 3—4 pst.

Sidan siste melding har ein gitt stadfesting på 88 offentlege stiftelser eller legat med ein kapital på ialt kr. 4 402 990,17.

Medan produksjonen i 1930 var sers høg og fullt på høgd med 1929, er det svært stor tilbakegang i 1931. Hovudgrunnen er storkonflikten. Frametter hausten auka verksemda innan sume industrigreiner. Grunnen er til dels kronefallet etter gullinnløysinga. For mange produkt er det likevel store avsetningsvanskar. Det skriv seg m. a. frå importrestriksjonar og toll-pålegg i fleire land.

Lønene vart etter konflikten sette ned med jamt over pålag 6 pst.

For gruedrifta er det munaleg nedgang i produksjonen. Utførsla både av svovlkis og av jernmalm har gått sterkt ned. Det er ogso nedgang for steinin- dustrien og sementindustrien. Den elektro- kjemiske industrien, som synte so stor op- gang i 1930, har ogso havt stor nedgang i eksporten. I dei 12 månadene frå desember 1930 til november 1931 gjekk det 284 000 tonn kalksalpeter frå landet, medan det tilsvarande talet for 1930 var 357 000 tonn.

Den elektrometallurgiske industrien har i nokon mun halde oppe eksporten, meddi det er ført ut litt meir aluminium i 1931 og meir nikkel og mykje meir zink (44 700 tonn mot 26 000). Derimot er det ført ut ikkje so lite mindre av ferrolegeringar. Sag- bruk- og høvleindustrien syner stor nedgang. Av høvle-last vart det soleis i dei 12 måna- dene desember 1930 til november 1931 ført ut 161 000 m<sup>3</sup> mot 250 000 m<sup>3</sup> i same tids- bolken året fyrr. Prisane har gått ned gjenom året. Tremasse-, sellulose- og papir- industrien fekk eit hardt slag av konflikten, og utførsla syner stor nedgang. Frametter hausten er det likevel oppgang. Prisane steig òg etter at gullinnløysinga fall burt. I alt var utførsla for tremasse 483 000 tonn frå desember 1930 til novem- ber 1931, mot 608 000 tonn i same tids- bolken 1930. Selluloseeksporten gjekk ned til 121 000 tonn frå 230 000 og papir til 171 000 tonn frå 294 000. Hermetikkfabrik- kane har havt noko meir arbeid i 1931, avdi fisket slo betre til. Men eksporten gjekk noko tilbake, då det i 1930 vart eks- portert mykje av dei store lager frå 1929. Ogso innan store greiner av heimeindustrien var det arbeidsstans; men i haust er det noko oppgang, og noko av produksjonstapet er teke att. Tekstilindustrien og skoty- industrien har soleis mykje å gjera. Ogso innan nærings- og nytingsmiddel-industrien var det tildels arbeidsstans; men for året under eitt blir nedgangen ikkje so stor. I verkstadsindustrien var det for sume grei- ner oppgang i haust.

Både verdien av innførsla og av utførsla har gått ned munaleg i 1931. Grunnen er fyrst og framst arbeidskonflikten i sumar, som førde med seg at det vart lite til ut- førsle for fleire av dei viktigaste industri- produkt. I alt var innførsleverdien for dei 11 fyrste månadene av året 1931 779,4 mill. kr. mot 996,2 mill. kr. i same tid 1930. Noko av denne nedgangen skriv seg frå at det er levert færre skip frå utlandet i 1931. Men framleis representerar innførsla av skip ein mykje større sum, nemleg for dei 11 fyrste månadene av 1931 143,4 mill.

kr. mot 191,6 i same tid i 1930. Verdien av utførsla var 415,7 mill. kr. i dei fyrste 11 månadene av 1931 mot 634,1 mill. kr. i 1930. Etter konflikten gjekk både innførsla og utførsla op. Trass i den sterke nedgangen i utførsla under konflikten blir meir-innførsla ikkje større enn i 1930. For dei 11 fyrste månadene av 1931 var det ialt pålag 364 mill. kr. Då skipsferdsla truleg har gitt noko mindre i 1931, blir venteleg underskotet på betalingsbalansen litt større enn i 1930. Ein må difor rekna med litt større nettogjeld enn i 1930. På den eine sida har vi mindre tilgode i utlandet og på den andre sida er forretnings-gjelda auka. Soleis har skipsreidarane teke lån til dei nybygningane, som er levert i 1931. Der er ikkje teke nye obligasjonslån i utlandet, når ein ser burt frå konverteringslån.

Den norske handelsfloten har i 1931 vore i sterk vokster. Etter fyrebils opgåve frå sjøfartskontoret var floten 1 januar 1932 4000 skip på ialt kr. 4 221 000 br. reg.tonn mot 3 953 skip på ialt 3 883 000 br. reg.tonn 1 januar 1931. Det er altso ein framgang på 338 000 bruttotonn eller 8,7 pst. I 1930 var framgangen derimot 14,5 pst. Framgangen i 1931 skriv seg mest frå motortonnasjen, med di den gjekk op med 281 000 br.tonn. Damptonnasjen gjekk op med 59 000 tonn, medan seglskipstonnasjen gjekk tilbake med 1 800 tonn. Av den nybygde tonnasjen, som kom til i 1931, var storparten bygd i utlandet, nemleg 350 000 br.tonn, medan 18 000 br.tonn var bygd i Norge.

For skipsferdsla har 1931 vore eit sers ulagleg år. Fraktene på verdsmarknaden har vore uvanleg låge, sidan det er tonnasje til overmål på alle marknader. Då ein tok burt gullinnløysinga, vart tilhøva for skipsferdsla straks mykje verre. I dei siste par månadene er stoda noko lettare, etterkvart som fraktene gjekk noko op, og pundkursen steig.

Vel 20 pst. av den norske handelsfloten har lege inne heile året. Det tok til for alvor ikring årsskiftet 1930—31 og steig jamt til 871 000 bruttotonn pr. 1 juni. Etter

ein liten nedgang i sumarmånadene gjekk det atter den galne vegen, og det kulminerte pr. 1 oktober med 937 000 br.tonn. I oktober og november har det vore ein liten nedgang.

Dei optente bruttofraktene i 1931 vil sikkert bli ikkje so lite mindre enn i 1930, då det var upptent 412 mill. kr. Ein kann kanskje rekna samla bruttofrakt i 1931 til ikring 370 mill. kr. Omkring halvparten eller pålag 185 mill. kr. kjem landet tilgode, medan resten går ifrå i utgifter til utlandet.

Fiskeria har i 1931 — set under eitt — gitt mindre tilfredsstillande vinst. Fyrstehandsverdien er fyrebils rekna til ikring 60 mill. kr. mot 76,5 i 1930. Her er ikkje medrekna kval- og selfangst m. m.

Torskefiskeria gav dårleg vinst, 40 mill. fisk mot 61,6 mill. i 1930; men prisane var litt betre for Lofot-fisken. Vintersildfisket gav mindre vinst enn i 1930, då dei fiska sers godt. Samla kvantum var 3 mill. hl. mot 4,3 mill. i 1930. Feitsild- og småsildfisket har vore like dårleg som i 1930, og brislingfisket har òg vore dårleg, endå det er fiska meir enn i 1930, då dette fisket slo reint feil. Sildefisket ved Island gav større vinst enn på 3 år. Fiskeutførsla har gjenomgåande vore munaleg mindre enn i 1930, når ein ikkje reknar med ferskfisken.

Kvalfangsten på Sudfelta gav i sesongen 1930—31 større vinst i mengd enn nokon gong før, nemleg 2 272 000 fat mot 1 680 000 fat året før. Noko av fangsten er ikkje seld endå, og prisane har gått ned sterkt. Etter den store produksjonen måtte den norske fangstflåten liggje heime denne sesongen.

Posttrafikken syner tilbakegang i 1931 mot året før. Grunnen er både arbeidskonflikten og den økonomiske depresjonen siste halvparten av året.

Telegraf- og telefondrifta gjekk pålag som året før. Både ved telegraf og telefon er det nedgang. Det skriv seg mest frå storkonflikten. I dei siste månadene av året var det atter noko opgang.

Den innanlandske dampskipsferdsla med

statstilskot hadde det vanskeleg under arbeidskonflikten og den ålmenne depresjonen. Dei lokale fraktsatsane for gods er noko reduserte, men elles kunde ein ikkje gå til ålmenn nedsetjing av person- og varefrakter.

Turist- og reisetrafikken syner tilbakegang. «Landslaget for Reiselivet i Norge» reknar med ei samla inntekt på ikring 30 mill. kr. mot ikring 35 mill. kr. ifjor.

Samanbrotet på verdsmarknaden for jordbruksprodukt tyngjer sterkt på jordbruket vårt. So mykje meir trengst det å få regulert den innanlandske marknaden for desse varene. Ved dei rådbøter som er tekne her, er ogso mykje vunne i so måte.

Den utvida korntrygda vart vel nytta og kom godt med, ikkje minst fordi det var eit dårleg kornår.

Dei brigde ein gjorde i omsetningslova, førde med seg, at mjølkesentralar kom i gang i fleire landsluter. Ein slapp på den måten samanbrot i konsum-mjølkeprisen, meddi det elles var vanskeleg å sleppa undan ein øydeleggjande mjølkekrig.

At ein soleis fekk mjølkesentralar i alle landsluter, gjorde det mogeleg å skipa ein landssentral av mjølkeprodusentar. På den måten kann ein truleg bøte på vanskane med å regulere marknaden for meieriprodukt.

Den nye forskrifta i margarinlova, som gav høve til å krevja smørblending i margarin, er sett iverk frå 1 november 1931 og har hindra overfylling av smørmarknaden innanlands med den prisnedgang som vilde fylgje av det.

Forskriftene i same lova um farge i kunstfloyten vart sett ikraft frå 1 januar 1932. På den måten veit kjøparen om han får det norske jordbruksproduktet naturfloyte eller ikkje.

Formålet er det same med forskriftene om å merka visse importerte jordbruksprodukt.

Eggsentralane har synt ikkje lite evne til å regulere eggumsetnaden. På dette området er ikkje fyrebuingsarbeidet med organisasjonen kome so langt at ein har funne det tenleg å leggja omsetningsavgift på egg

til å styrkje marknadsreguleringa, soleis som lova frå ifjor gav høve til. Derimot er arbeidet med skarpere kvalitetskontroll kome so langt, at reformer kann gjennomførast i nær framtid.

Organisasjonsarbeidet for omsetning av fleisk og kjøt er ferdigt. Det er god tilslutning, og sentralen vil kome i gang med det fyrste.

For dei fleste av dei nemnde jordbruksprodukt gjeld det elles, at verdsmarknaden har stor innverknad på heimemarknaden. Prisane på jordbruksvarer, som før var kome sers langt ned, gjekk difor med få undantak endå lenger nedetter — til dels under førkrignivået. Då det syner seg at det er vanskeleg å få utgiftene ned, so dei svarar til nedgangen i produktprisen, arbeider jordbruket for tida under svært vanskelege vilkår.

Avlingane vart ogso gjennomgåande små i 1931. Når ein tek undan høyet, gav alle vokstrar under middels avling. Kvaliteten var sers skiftande, og på fleire stader dårleg.

Statens kornforretning har av hausten 1930 kjøpt ialt 27 170,3 tonn norsk korn. I prisreduksjon til bygdemylnene i same sesong vart det betalt ialt 3 789 057,27 kr. for 126 301 909 tonn korn. Staten har i 1931 fått tilbod om etter måten små kvanta salshavre. I slutten av desember 1931 var det tilbod om ialt vel 9 000 tonn, medan det i fyrre sesongen på same tid var tilbod om på lag 30 000 tonn. Denne nedgangen i innkjøpskvantumet skriv seg dels frå det dårlege kornåret og dels frå det utvida høvet til å få korntrygd gjennom bygde-mylnene. Det blir nemleg på den måten mindre grunn til sal og kjøp av kornvarer frå produsenten si side.

Importen av utanlandsk korn til Statens kornforretning var gjennom året 430 000 tonn (kornverdi). Ogso i 1931 gjekk prisane på den internasjonale kornmarknaden nedetter, og kornforretninga har etter dette etterkvart sett ned salsprisane på dei ymse korn- og mjølvaror. Dei siste månadene av året var det noko oppgang på kornmarknaden, og saman med valutatilhøva førde det med



seg ikkje lite stiging; men dette er berre delvis kome til uttrykk i salsprisane ved kornforretninga.

I 1931 er det med statstilskot nydyrka 72 000 dekar og grefta 47 000 dekar. Vidare gav staten hjelp til pålag 700 nye bruk.

Skogbruket arbeider framleis under svært vanskelege tilhøve.

Den importreguleringa for trelast som vart gjennomført har synt seg svært turvande og har ført med seg, at den innlandske marknaden meir er komen vårt eige skogbruk tilgode.

Tilhøva på verdsmarknaden har ført med seg, at det har vore dårleg avsetnad og små prisar. Med den store gjeldsbyrda og dei relativt tunge skattane er difor det økonomiske tilstand i skogbruket svært dårleg, og arbeidsløysa er stor.

Husdyra har vore jamt friske. Ein har òg i 1931 vore fri for munn- og klauv sykja, som har synt seg i grannelanda.

Ved Landbrukshøgskulen vart det teke upp i alt 53 studentar i 1931, av desse 19 i jordbruksavdelinga, 4 i meieriavdelinga, 11 i hagebruksavdelinga og 19 i skogbruksavdelinga.

Det vart uteksaminert 18 jordbrukarar, 4 meieristar, 2 hagebrukarar og 10 skogbrukarar.

Arbeidsdrifta ved dei jarnvegsanlegg, som Stortinget har løyvt pengar til, og arbeidet med vegar, vassbygging og reguleringar har for det meste gått etter planane og etter dei pengane ein har havt.

Det var i 1931 noko naudarbeid til hjelp mot arbeidsløysa. Slikt arbeid har dei havt i dei fleste fylka. På Sørlandsbana vest for Kristiansand har dei halde fram med arbeidet for dei pengane som er stilt til disposisjon av distriktstilskota frå Oslo, Stavanger og Sandnes og frå Rogaland fylke til Sørlandsbaneanlegget.

Dei jarnvegane som pr. 30 juni 1931 var opna for ordinær drift hadde ei samla lengd på 3 872,9 km. Av desse var 3 504,7 km. statsbane og 368,2 privatbane. Arbeidet med å bygge om bana Elverum—Koppang

til breidt spor er pålag ferdigt, og det er sett igang breidspora drift millom Hamar og Koppang.

Inntektene av statsbanedrifta var i siste driftsåret 72 742 359,29 kr. mot budgettert 79 370 700 kr. Utgiftene var 82 384 486,90 kr. mot løyvt 81 711 621 kr.

Etter at ferjesambandet Elsfjord—Hemnes i Nordland fylke er kome istand har ein no samanhengande vegsamband heilt til Krokstrand, sud for Saltfjellet. Arbeidet vidare for å nå Bodø er sett igang.

Trygdesummen for dei hus, som er trygda i Norges brandkasse gjekk i 1931 ned med pålag 47 mill. kr.; pr. 1. januar 1932 reknar ein med ein trygdesum på ikring 5 425 mill. kr. Dei brandskadar, som hittil er kjende i 1931, gav eit tap for Brandkassa på ikring 6 700 000 kr.

Brandkontingenten i 1931 vil truleg nå op i 10 194 000 kr., mot i 1930 10 387 000 kr. Reservefondet ved avdelinga som sist på året 1930 var 10 063 000 kr. er truleg sist på året 1931 11 200 000 kr.

Dessutan har avdelinga eit katastrofefond på 2 810 000 kr., eit eldsikringsfond på 450 000 kr. og eit avslagsfond på 250 000 kr.

Lausøyreavdelinga hadde fyrst i 1931 trygdingar for ein samla sum på 438 mill. kr. Dette steig til 445 mill. kr. for året var slutt.

Kontingenten i 1931 var kr. 946 067. Etter dei brandskadane ein kjenner hittil har avdelinga eit tap på kr. 507 901 i 1931.

Tollintradene i riket og laste- og fyravgiftene var for budgett-terminen 1930—31 rekna til kr. 106 000 000 og kr. 3 500 000 og har for same termin (når ein har drege frå utbetalingar etter § 13 og merkn. 2 under artikkel «Vogner etc. 1» i tolltarifen) vore 103 490 786,88 og 3 379 729,67 kr.

Ved mynten på Kongsberg er det i 1931 mynta ut for statskassa ialt kr. 69 000 i ny skiljemynt.

Hypotekbanken har i 1931 utbetalt nye pantelån soleis:

ved Hovudsetet. . . . .	pr. $\frac{31}{12}$	kr. 10948 300
» Bergens lånekontor »	$\frac{30}{11}$ »	1504 300
» Trondheim — »	$\frac{30}{11}$ »	1248 500
» Tromsø — »	$\frac{30}{11}$ »	1732 800
		<u>Kr. 15433 900</u>

Statsgjelda er, når ein reknar um dei utanlandske lån til pari kurs pr. 30 juni 1930 kr. 1 565 037 140 og pr. 30 juni 1931 kr. 1 518 053 338, altso ein nedgang i budgett-terminen 1930—31 på kr. 46 983 802. Denne etter måten store nedgangen skriv seg forutan frå ordinær amortisasjon ogso frå, at det av overskotet på statsrekneskapan for 1929—30 er brukt kr. 9 500 000 til ekstraordinær innfriing av gjeldsbrev til Norges Bank og frå, at dei fondsmidlane som pr. 30 juni 1930 stod inne i statskassa, no er haldne utanfyre og førde upp serskilt på Statens balansekonto. Desse fondsmidlane var pr. 30 juni 1931 kr. 8 349 953.

Statsrekneskapan for budgett-terminen 1930—31 syner eit rekneskaps-underskot på ikring kr. 9 550 000.

I 1931 vart det halde våpenøvingar etter stortingsvedtaket 4 mai 1931. Tokter og øvingar i 1931 er haldne i samsvar med gjevne løyvingar.

Det nye uppsynsskipet «Fridtjof Nansen» var ferdigt frå Marineverftet i mai månad, og gjekk deretter på ei stutt prøveferd.

Kjølen vart lagd til den nye mineutleggjaren i september månad.

«Heimdal» og «Michael Sars» har havt trålaropsynet på Finnmark. Frå hausten 1931 er «Fridtjof Nansen» sett inn i denne tenesta istadenfor «Heimdal».

Ein britisk trålar har fått bot for uflovgleg trålfiske, og eit par trålarar har fått bøter for manglar ved bortstuvinga av reidskapan.

I mai—juni gjorde «Michael Sars» loddingsarbeid for «Norges Svalbards- og Ishavsundersøkelser» på Bjørnøy-bankane.

Frå midt i juli til siste halvparten av august var «Fridtjof Nansen» send til Island som hjelpeskip for norske fiskarar under sildfisket. Hjelpetenesta gjekk fyre seg omlag på same måten som tidlegare år.

Under øvingane i sumar gjekk pansarskipet «Tordenskjold» saman med 3 u-båtar innom Kiel og Amsterdam. «Tordenskjold» var dessutan i Stockholm.

Alle andre tokter og øvingar var innanfor riksgrensene.

Gitt på Oslo slott 11 januar 1932.

Under Vår hand og riksseglet

**Haakon**  
(L. S.)

P. Kolstad

B. Rolsted